



En Til En Arkitekter AS
Marianne Ø. Aasebø
Vaskerelven 8
5014 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/1572 - 22/32004

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
26.04.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 322/18 einebustad B1b-05 Sveåsen

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 322/18
Tiltakshavar: Sveåsen AS
Ansvarleg søkjar: En Til En Arkitekter AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.02.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Mur og bod, som er vist på situasjonskart, krev samtykke frå grunneigare av tomt 04 og 06 evt. kan det søkjast dispensasjon frå avstandskrav §29-4.
2. Det skal sendast målsatte teikningar på mur som viser både dimensjonar og materialvalg.
3. Det er ikkje vedlagt situasjonsplan i målestokk 1:500 i samsvar med plankrav pkt.1.1.1 for felt B1.
4. Avstand til tomtegrense, byggjegrænse må visast på situasjonsplan 1:500. Det er utydeleg avstand på innsendt situasjonskart datert 22.11.21.
5. Tiltaket er plassert i konflikt med dagens eiendomsgrenser. Søknad om deling med nye eiendomsgrenser må sendast inn.

Vi minner på at det er krav i pkt.1.3.1 om utbygningsavtale -teknisk plan for teknisk anlegg for området som tar stode til gatelys, trafikktryggleikstiltak etc. med utbygningstakt og ferdigstillelse før igangsetting kan gis.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.05.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sveåsen AS

Strandgaten 9

5013 BERGEN

Mottakarar:

En Til En Arkitekter AS

Vaskerelven 8

5014 BERGEN